

Sak 55/25
Vurderingsgrunnlag for strategisk
dimensjonering av studieporteføljen

Anne-Grethe Naustdal

Prorektor utdanning
20. november 2025



Styringsprinsipp

Vedteke i sak 30/25

Styringsprinsipp 1 er knytt til vurderingar av basisfinansieringa i høve til den samla aktivitetsutviklinga i fakulteta, og vil bli gjort i samband med utarbeiding og evaluering av strategiplanen og periodisk evaluering av studieporteføljen (kvart fjerde år).

Styringsprinsipp 2 er primært knytt til vurderingar av tiltak med midlertidig finansiering, og vil bli gjort i dei årlege prosessane knytt til studieporteføljen og årsbudsjett.

Vurderingsgrunnlag - intern prosess

- › Vurderingskomponentar var presentert i styresak 30/25 - jf. protokoll ba styret om at dette skulle tydeleggjerast
- › Innspelsnotatet som det vart bedt om innspel til, la til grunn ei nedbryting av komponentane med kriterium i tillegg til at FOUI vart lagt til som ein ny komponent
- › Innspela viste at dette ga eit for komplekst og lite fleksibelt vurderingsgrunnlag som vart vanskeleg å tilpasse den enkelte situasjon

Forslag til rammeverk for vurderingsgrunnlag

Med bakgrunn i innspela og rektor si drøfting i leiargruppa har ein i denne saka prøvd å redusere kompleksitet ved å **tilrå eit rammeverk for vurderingsgrunnlag** som :

- › Har hovudvekt på KD sine rammer, styringssignal og forventningar
- › Gjer risikovurderingar opp mot HVL sitt samfunnsmandat og dei strategiske samanhengar utdanningane står i
- › Fastslår at risikovurderingane vil vere avhengig av kva strategisk kontekst HVL er i, og omfanget på ei eventuell omfordeling

Forslag til vurderingsgrunnlag for strategisk dimensjonering av studieporteføljen

Kriterium som blir foreslått lagt til grunn for HVL sine vurderingar kring dimensjonering av studieporteføljen:



Samfunns- og arbeidslivets kompetansebehov



Potensiale for studentrekruttering



Studiepoengproduksjon i høve til finansierte studieplassar

Desse vurderingane må **risikovurderast** opp mot høgskulens samfunnsmandat og dei strategiske samanhengar utdanningane står i. Utgangspunkt for risikovurdering vil vere:

- › Dei fem prinsippa for strategisk utvikling av studieporteføljen ved HVL
- › KD sine rammer, styringssignal og forventningar
- › Forsking og innovasjon
- › Kunnskapsberedskap/fagmiljø